

**Utval:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 3. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 16.03.2016  
**Tidspunkt:** 11:00 – 14:45

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Siri Klokkerstuen	Medlem	A
Espen Berntsen	Medlem	A
Neshe Lie	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H
Beate Husa	Leiar	KRF
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Geir Kjell Andersland	Medlem	FL MDG/V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Kari Foseid Aakre	Kjell Gitton Håland	A

---

**Merknader**

Presentasjonar:

*Amatørkulturrådet i Bergen* ved Inger Lise Skarstein og Geir Eikenes  
*Stiftelsen Espeland fangeleir* ved Erling Mjelde og Tor D. Johansen

---

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Seksjonsleiar, stedfortredar utviklingssjef – kultur- og idrettsavd.
Britt-Karen Spjeld	Seksjonsleiar idrett og friluftsliv – kultur- og idrettsavdelinga
Eva Katrine Ritland Taule	Kst. plansjef - regionalavdelinga
David J Aasen Sandved	Kst. fylkeskonservator - kultur- og idrettsavd
Anne Aune	Fylkesarkivar - kultur- og idrettsavd

Anne Aune  
Sekretær

**Sakliste**

<b>Utvale-saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 37/16	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 38/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 39/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 15/16	Riksantikvaren ber om satsing på fredningsarbeidet	2014/651	
RS 16/16	Statsbudsjettet for 2016: Vedr. overføring av festivaler til Kulturfondet	2015/2147	
RS 17/16	Fylkeskommunene sitt Akvakultursamarbeid - FAKS	2016/2291	
RS 18/16	Oppnemning av medlemmar til Hallingskarvet nasjonalparkstyre for perioden 2016 - 2019.	2015/9321	
RS 19/16	Fritak for eiendomsskatt for bygninger med historisk verdi	2016/1978	
RS 20/16	Invitasjon Grøn Fjord	2014/11064	
RS 21/16	Program Det 7. norske arkivmøte	2016/649	
RS 22/16	Journalføring / arkivering av henvendelsar til politikarane i HFK	2016/2372	
PS 40/16	Søknad om tilskot til kjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane	2016/671	
PS 41/16	Barn som lever i fattigdom	2015/12196	
PS 42/16	Kulturlandskapsprisen i Hordaland. fylkeskommunal medverknad	2015/2168	
PS 43/16	Fråsegn til forslag for - privat detaljregulering -for Dikkedokken - Bergenhus gnr 165 bnr 555 m.fl. - Bergen kommune	2014/11889	
PS 44/16	Tilskot til fartøyvern 2016	2015/2164	
PS 45/16	Prioritering søknader om tilskot til statleg sikring av friluftsområder i Hordaland 2016 (kap. 1420 post 30)	2016/95	
PS 46/16	Prosjekt - Kulturminneplan i kommunane KIK 2013-2016 - Årsrapport 2015 og aktivitetar i 2016	2014/673	
PS 47/16	Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane /Den kulturelle skolesekken i ny nasjonal etat	2016/2594	
PS 48/16	Innspel til revidering av Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet	2015/3093	
PS 49/16	Ymse		

## **PS 37/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

### **Vedtak**

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 38/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

### **Vedtak**

Møteprotokollen frå utval for kultur, idrett og regional utvikling 16.02.2016 vart godkjend utan merknader.

## **PS 39/16 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

I samband med RS 15/2016 *Riksantikvaren ber om satsing på fredningsarbeidet* etterspurde **Siri Klokkerstuen** kva status er på lista over fredingssaker i Hordaland. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at lista og framdriftsplan vil bli lagt fram som RS sak for utvalet på neste møte. **Sigurd Framnes** spurde om ikkje denne lista burde vore lagt fram for politisk behandling. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at kvar enkelt fredingssak vil bli lagt fram i kommunane og for utvalet for politisk behandling.

I samband med RS 16/2016 *Statsbudsjettet for 2016: Vedr. overføring av festivaler til Kulturfondet* spurde **Siri Klokkerstuen** kva festivalar i Hordaland det gjeld og kva konsekvensar det får. Utviklingsjef kust og kulturformidling Ronny Skaar informerte om at dette i Hordaland berre gjeld Festspillene i Bergen. Konsekvensen er at Hordaland fylkeskommune ikkje lengre har ein avtale om finansiering med Kulturdepartementet og Bergen kommune, men at ein avventar ei avklaring på dette spørsmålet med Norsk kulturråd.

I samband med RS 19/2016 *Fritak for eiendomsskatt for bygninger med historisk verdi* spurde **May Eva Sandvik** om kor mange som søker om fritak. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at innføring av eideomskatt ligg inn under det kommunale sjølvstyre og difor er det kommunane som kan gje fritak. Fylkeskommunen vil kunne utarbeide ein oversikt over kva kommunar som har ordninga, kven som har fått fritak og kva konsekvensar dette har for bevaring av bygningar med historisk verdi.

## **PS 40/16 Søknad om tilskot til kjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150.000

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150.000

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling**

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150.000  
Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150.000

## **PS 41/16 Barn som lever i fattigdom**

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.03.2016**

**Dan Femoen** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Nytt pkt. 2: Hordaland fylkeskommune skal særleg følgje opp desse punkta i Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom:

1. Tiltak 24: Program for betre gjennomføring i vidaregående opplæring
2. Tiltak 31: Tiltak mot barnefattigdom innan frivillig arbeid
3. Tiltak 45: Program mot sosial ulikskap i tannhelse
4. Tiltak ???: Mobbing

**Solbjørg Marjala** sette fram følgjande oversendingsforslag

«OPHE tar saka til etterretning og legger til grunn at det blir tatt hensyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom planlegging og tilrettelegging av HFK sine tjenester. Ein arbeidsgiverpolitikk fra fylkeskommunen som bidrar til kvalifisering og inkludering, hindrer uønsket deltid og motvirker utestenging fra arbeidslivet vil være et bidrag til å redusere tallet på lavinntektshushold og slik forebygge barnefattigdom. Det samme gjelder for utdanning. HFK bør legge til rette for at videregående utdanning tilpasses og imøtegår det behovet som folk med minoritetsbakgrunn har slik at de får det tilbudet og den tilrettelegging som gjør at de som ønsker det kan få tatt videregående utdanning»

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Femoen og Marjala sine oversendingsforslag vart etter votering samrøystes vedteke oversendt fylkesutvalet.

#### **Innstilling**

Fylkesutvalet tek saka til etterretning og legg til grunn at det vert teke omsyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom tilrettelegging av Hordaland fylkeskommune sine tenester.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

**Geir Kjell Andersland (V)** setter fram slikt fellesforslag:

«Nytt pkt. 2

Fylkesutvalet ber om at arbeid for barn og unge som lever i fattigdom blir en del av fylkeskommunenens regionale planstrategi.»

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Andersland sitt fellesforslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek saka til etterretning og legg til grunn at det vert teke omsyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom tilrettelegging av Hordaland fylkeskommune sine tenester.
2. Fylkesutvalet ber om at arbeid for barn og unge som lever i fattigdom blir ein del av fylkeskommunenens regionale planstrategi.

## **PS 42/16 Kulturlandskapsprisen i Hordaland. fylkeskommunal medverknad**

### **Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling nemner opp.....med vararepresentant..... i juryen for Kulturlandskapsprisen i valbolken 2015-2019.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

**Siri Klokkerstuen (A)** sette fram slikt forslag:

«Framlegg: Gunn Berit Lunde Aarvik som medlem i utvalet.»

**May Eva Sandvik (H)** sette fram slikt forslag:

«Geir Kjell Andersland som vara i juryen.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannens sitt forslag med Klokkerstuen og Sandvik sine forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling nemner opp Gunn Berit Lunde Aarvik med vararepresentant Geir Kjell Andersland i juryen for Kulturlandskapsprisen i valbolken 2015-2019.

## **PS 43/16 Fråsegn til forslag for - privat detaljregulering -for Dikkedokken - Bergenhus gnr 165 bnr 555 m.fl. - Bergen kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling*, meiner at privat forslag til reguleringsplan for Dikkedokken er i strid med mål i *Regional plan for attraktive senter*, då det ikkje vert teke tilstrekkeleg omsyn til stadens historie, sær preg og landskapstrekk.

Planforslaget må endrast slik at Dikkedokken vert styrka som kulturminne og byrom. Byggehøgder og siktlinjer må justerast for å styrke lesbarheit og oppleving av kulturmiljøet og sikre betre tilpassing til nasjonale og regionale kulturminneinteresser.

Det er knytt motsegn til dette punktet.

For at motsegn kan trekkjast må planforslaget omarbeidas ut i frå følgjande:

- I. Utnyttingsgraden må reduserast vesentleg, og det må dokumenterast at utbygginga bidreg til å styrke oppleving av det kulturhistoriske landskapet og ikkje skapar stor negativ konsekvens for kulturmiljøet.
  - II. Høgde mot gata, Georgenes Verft, bør i hovudsak ikkje vere høgare enn 3. etasjar.
  - III. Ny pir (SAA) i forlenging av dokken, må takast ut av planforslaget av omsyn til lesbarheit av det tekniske kulturminne.
2. Areal avsett til offentleg byrom langs Dikkedokken, er viktig for universell tilkomst til kaiområda. I samsvar med mål i *Regional plan for attraktive senter* må det setjast av tilstrekkeleg breidde for å sikra funksjonelt areal for opphold, private sonar og rom for transport for gåande og sykkel. Promenaden må regulerast i samanheng med tilliggande områder.
  3. For å nå overordna mål om fortetting i senterområder vil Bergen stå ovanfor ei rekke liknande transformasjonsprosjekt i nær framtid. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår i frå at det vert opna for at detaljreguleringsplanar kan fråvike overordna planar i vesentleg grad. Dette gir uheldig presedens for andre planar, og kommunen mister heilhetleg grep der utnyttingsgrad tel tyngre enn kvalitet. Balansen mellom dei ulike omsyna må til for å sikre god byutvikling i fylkessenteret.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016

Gunnar Bakke (Frp) sette fram slikt forslag:

«Saken utsettes for befaring.»

Siri Klokkerstuen (A) sette fram slikt tilleggsforslag:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling syns det er uheldig å få saka til uttale utan at den har vore handsama politisk i Bergen kommune.»

### Røysting

Bakke sitt utsettingsforslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.  
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 - 3 vart samrøystes vedteke.  
Klokkerstuen sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling*, meiner at privat forslag til reguleringsplan for Dikkedokken er i strid med mål i *Regional plan for attraktive senter*, då det ikkje vert teke tilstrekkeleg omsyn til stadens historie, sær preg og landskapstrekk.  
  
Planforslaget må endrast slik at Dikkedokken vert styrkt som kulturminne og byrom. Byggehøgder og siktlinjer må justerast for å styrke lesbarheit og oppleving av kulturmiljøet og sikre betre tilpassing til nasjonale og regionale kulturminneinteresser.  
  
Det er knytt motsegn til dette punktet.  
  
For at motsegn kan trekkjast må planforslaget omarbeidas ut i frå følgjande:
  - I. Utnyttingsgraden må reduserast vesentleg, og det må dokumenterast at utbygginga bidreg til å styrke oppleving av det kulturhistoriske landskapet og ikkje skapar stor negativ konsekvens for kulturmiljøet.
  - II. Høgde mot gata, Georgenes Verft, bør i hovudsak ikkje vere høgare enn 3 etasjar.
  - III. Ny pir (SAA) i forlenging av dokken, må takast ut av planforslaget av omsyn til lesbarheit av det tekniske kulturminne.
2. Areal avsett til offentleg byrom langs Dikkedokken, er viktig for universell tilkomst til kaiområda. I samsvar med mål i *Regional plan for attraktive senter* må det setjast av tilstrekkeleg breidde for å sikra funksjonelt areal for opphold, private sonar og rom for transport for gåande og sykkel. Promenaden må regulerast i samanheng med tilliggande område.
3. For å nå overordna mål om fortetting i senterområde vil Bergen stå ovanfor ei rekke liknande transformasjonsprosjekt i nær framtid. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår i frå at det vert opna for at detaljreguleringsplanar kan fråvike overordna planar i vesentleg grad. Dette gir uheldig presedens for andre planar, og kommunen mister heilheitleg grep der utnyttingsgrad tel tyngre enn kvalitet. Balansen mellom dei ulike omsyna må til for å sikre god byutvikling i fylkessenteret.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling syns det er uheldig å få saka til uttale utan at den har vore handsama politisk i Bergen kommune.

## PS 44/16 Tilskot til fartøyvern 2016

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 1.730.000,- av budsjettpost 10.400.650.04 slik:

1 MF Beffen	30 000
-------------	--------

2	Vaarsol	30 000
3	MS Bjørn-West	60 000
4	Tysso	30 000
5	Fyk	20 000
6	Bjørn	30 000
7	Markol V	30 000
8	Vulcanus	100 000
9	MS Tysnes ex Vartun	avslag
10	Lete ex Norkabel	40 000
11	Guløy	50 000
12	MS Midthordland	80 000
13	MF Skånevik	50 000
14	DS Stord	630 000
15	MY Sporen	30 000
16	MY Quest	40 000
17	DS Oster	120 000
18	Sjøgutt	40 000
19	Lindenes	100 000
20	MS Vestgar	50 000
21	SS Mathilde	100 000
22	Vikingen	40 000
23	MY Faun	30 000
24	SS Seladon	avslag
	Sum	<b>1 730 000</b>

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir administrasjonen fullmakt til å omdisponere midler dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre.

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

**Sigurd Framnes (Frp)** sette fram slikt endringsforslag:

«Flytt 50 000 fra Vulcanus til MS Tysnes.»

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 med Framnes sitt endringsforslag vart samråystes vedteke.  
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 1.730.000,- av budsjettpost 10.400.650.04 slik:

1	MF Beffen	30 000
2	Vaarsol	30 000
3	MS Bjørn-West	60 000
4	Tysso	30 000
5	Fyk	20 000
6	Bjørn	30 000
7	Markol V	30 000
8	Vulcanus	50 000
9	MS Tysnes ex Vartun	50 000
10	Lete ex Norkabel	40 000

11	Guløy	50 000
12	MS Midthordland	80 000
13	MF Skånevik	50 000
14	DS Stord	630 000
15	MY Sporen	30 000
16	MY Quest	40 000
17	DS Oster	120 000
18	Sjøgutt	40 000
19	Lindenes	100 000
20	MS Vestgar	50 000
21	SS Mathilde	100 000
22	Vikingen	40 000
23	MY Faun	30 000
24	SS Seladon	avslag
	Sum	<b>1 730 000</b>

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling gir administrasjonen fullmakt til å omdisponere midler dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre.

### **PS 45/16 Prioritering søknader om tilskot til statleg sikring av friluftsområder i Hordaland 2016 (kap. 1420 post 30)**

#### **Forslag til vedtak**

Utval for kultur, Idrett og regional utvikling tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:

Friluftsområde	Kommune	Søkar	Søknadsbeløp
1. Risøyna gnr. gnr.25, bnr.2	Sund	Bergen og Omland Friluftsråd	342 361
2. Risøvågen gnr. 25, bnr.3	Sund	Bergen og Omland Friluftsråd	500 000

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

Utval for kultur, Idrett og regional utvikling tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:

Friluftsområde	Kommune	Søkar	Søknadsbeløp
1. Risøyna gnr. gnr.25, bnr.2	Sund	Bergen og Omland Friluftsråd	342 361
2. Risøvågen gnr. 25, bnr.3	Sund	Bergen og Omland Friluftsråd	500 000

### **PS 46/16 Prosjekt - Kulturminneplan i kommunane KIK 2013-2016 - Årsrapport 2015 og aktivitetar i 2016**

#### **Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek til etterretning årsrapport 2015 og aktivitetsplan 2016, og ser at dei er i tråd med prosjektplanen for *Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016* (KIK).

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek til etterretning årsrapport 2015 og aktivitetsplan 2016, og ser at dei er i tråd med prosjektplanen for *Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016* (KIK).

## **PS 47/16 Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane /Den kulturelle skolesekken i ny nasjonal etat**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.
2. Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkeste kulturregionane i Noreg.
3. Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbod. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100% kommunar må vurderast nøye.
4. Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i dette fylket.
5. Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.
6. Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med kunstnarorganisasjonane.
7. Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.
8. Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatorar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.
9. Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.
10. Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einskilde uttrykket sin eigenart.
11. Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.
2. Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkeste kulturregionane i Noreg.
3. Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbod. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100% kommunar må vurderast nøye.

4. Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i dette fylket.
5. Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.
6. Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med kunstnarorganisasjonane.
7. Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.
8. Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatorar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.
9. Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.
10. Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einskilde uttrykket sin eigenart.
11. Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.

## **PS 48/16 Innspel til revidering av Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet**

### **Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek innspel til revidering av *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* slik dei ligg føre i saksframlegget.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek innspel til revidering av *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* slik dei ligg føre i saksframlegget.

## **PS 49/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016**

**Geir Kjell Andersland** sette fram forslag om at møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling i oktober blir flytta til Odda. Utvalet kan då vere med på opninga av Litteraturfestivalen i Odda.

**Utvalsleiar Beate Husa** la fram forslag om å flytte 2-dagarsmøte på hausten frå september til oktober og kombinere Litteraturfestivalen i Odda med kommunebesøk i Hardanger. Datoane for møtet i oktober blir då flytta til 12. - 13.10.2016

Møte i utvalet i september blir eit 1-dags møte, 14.9.2016.

Utvalet slutta seg samla til desse forslaga.

**Utvalsleiar Beate Husa** informerte om at Venneforeningen for Hordnesskogen ønskjer eit møte med utvalet i samband med plan til ny godsterminal i Bergensområde. Dette møte blir lagt til 7.4.2016.

**Utvalsleiar Beate Husa** informerte om at ho og Kjell Håland hadde representert utvalet på eit møte 2.3.2016 der etablering av Campus Bergen vart diskutert med mange ulike aktørar.

**Kst. direktør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd** informerte om planane for 2-dagars møte i april, 13. - 14.4.2016, i Bergen.

**Kst. plansjef Eva Katrine Ritland Taule** orienterte om at det truleg vil bli utnemnt nye styringsgrupper i fylkesutvalt for *Regional plan for transport i Bergensområde* og *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*, og desse planane vil difor kome opp til politisk handsaming på seinare møte.